


Egenvurdering på emne- og programnivå

Emnenivå: Fylles ut av emneansvarlig


Programnivå: Fylles ut av programstyreleder (fagkoordinator)

Emne/program	DIDANOR2/DIDANORAN2
År	Vår22
Emneansvarlig/ Programstyreleder (fagkoordinator)	Emneansvarleg: Pernille Reitan Jensen
Samlet vurdering av gjennomføringen av emnet/programmet	<p>Studentane har fått totalt 13 undervisingsøkter dette semesteret, samt eit undervisningsverkstad (på kveldstid under praksisperioden). Undervisinga er gjennomført av to faglærarar, i tillegg var ei av undervisingsøktene gjort av ein innleigd føredragshaldar frå Nynorsksenteret. All undervising dette semesteret har vore fysisk. Det er ikkje obligatorisk oppmøte, og oppmøte på undervising har vore i snitt 4 studentar. Med så få studentar vert ein avhengig av at dei fleste møter til undervising. Eg opplever at studentane stort sett har kome førebudde til undervising.</p> <p>Det var i alt 5 + 2 (DIDANOR2 og DIDANORAN2) som starta på første del av kurset hausten 2021 (DIDANOR1 og DIDANORAN1), ein student på DIDANOR1 slutta etter kort tid.</p> <p>Studentane kan velje kva type eksamen dei ville ha: munnleg eller skriftleg. To studentar har hatt munnleg eksamen, medan fem har hatt skriftleg eksamen. Etter sensur (men før eventuelle klager), vart karakterfordelinga slik:</p> <p>Munnleg: 2 x B Skriftleg: D: 1. C: 1. B: 2.</p>
Emne: Er emnet student-evaluert? Hva kom i så fall fram der? Program: Funn i eventuelle programsensorrappoter sist år.	<p>Studentane fekk sendt ut eit evalueringsskjema via MittUiB rett før den siste forelesinga. Tre studentar har svart på denne. Det var ikkje mogleg å leggje inn egne kommentarar i undersøkinga. Ettersom det berre er halvparten som har svart, og det ikkje var mogleg for utdjuing, kan ein vurdere kva ein kan få ut av undersøkinga.</p>


Generelt sett, hvor fornøyd er du med DIDANOR2/DIDANORAN2?




Fremstår DIDANOR2/DIDANORAN2 som et helhetlig kurs? (samsvar mellom ulike deler, god nok tid på hvert tema, pensum)




Hvor fornøyd er du med forelesningene på emnet?




Hvor stor andel av forelesningene har du deltatt på?




Generelt sett, hvor stort læringsutbytte har du hatt av å følge forelesningene?




Hvor fornøyd er du med pensum?



Hvor stort læringsbytte har du hatt av å lese pensumlitteraturen?



Var pensummengden tilpasset kursets omfang?



I samtalar med studentane i etterkant, kom det blant anna fram at ein av studentane ønskte meir fokus og teori om læreplanen som styringsdokument. Studentane opplevde at skulane, og særleg rektor, var opptekne av korleis dei som studentar/komande lærarar kunne jobbe for å implementere læreplanen på skulen. Dette var noko studenten sakna gjennom PPU-løpet generelt.

Var det noe som ikke fungerte godt nok?
Er det behov for å foreta justeringer eller sette inn tiltak for å forbedre emnet/ programmet?
Hvilke?

Eg er usikker på om studenten på DIDANORAN2 har fått det tilbodet ho skulle hatt. Studenten følgjer ein anna studieplan og eit anna pensum enn studentane på DIDANOR2, men har ikkje ein heilt eigen undervisningsplan. Studenten har delteke på undervisning saman med DIDANOR2-studentane, og elles fått to til tre ekstra økter med berre faglærar for å diskutere pensumet på DIDANORAN. Studenten har uttrykt at ho saknar andre (medstudentar) å diskutere pensum saman med, og at det kjennes noko einsamt. Det er altså ein fordel om det minst er to studentar som deltek på DIDANORAN-kursa. Det vert sårbart for berre éin student.

Eksamensforma er òg noko som eg ikkje har vore nøgd med. Når det er så få studentar, vert det opplevd som svært ressurskrevjande å organisere to ulike

	<p>eksamenar. Det er lagt inn ei endring i EPN til neste DIDANOR2-kurs. Studentane får ikkje lenger velje eksamensform sjølve, alle skal ha munnleg eksamen. Studentane har skriftleg eksamen i DIDANOR1, og får munnleg vurdering i DIDANOR2. Endringa er diskutert med resten av dei emneansvarlege på PPU. Studentane har skriftleg vurdering i PED-faget det same semesteret, og munnleg vurdering i DIDAX2-emne. Ein varetek slik at dei skal få ulike vurderingsformer i programmet.</p>
Andre kommentarer eller innspill	